

Frå Odd Kjøs-Hanssen
Roalkvam, Gardavegen 24
4244 Nesflaten

Til Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Høyring av forslag til besøksstrategi for SVR

Nesflaten, 30.09.2018

Eg viser til høyringsbrev av 18.8.2018. Underteikna er eigar av gnr 68 bnr 1 i Suldal som har areal i Kvanndalen, ved Sandvatn og Holmevatn i Suldal kommune.

Eg har i hovudsak to tema i høyringsdokumentet som eg vil gi uttale til.

Prioritering av naturverdier. Etter mitt syn viser besøkstrategien sin omtale av villreininteressene at det er godt kunnskapsgrunnlag og at ein er godt kjent med dei utfordringane villreinforvaltninga står overfor. Eg er samd i at verneføremålet for villrein må styrkast og i vurderinga (pkt 2.2.2 side 11) «*Forstyrningar av villrein frå ferdsel er eit reelt trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i fleire av verneområda*». Følgen av dette er at ein må prioritere vern av villrein og andre naturverdier framfor tilrettelegging for auka ferdsel som skadar dei samme naturverdiane.

Dersom ein skal følge opp besøkstrategien pkt 3.1 Mål, må det skje ved at

Viktige naturområde må identifiserast, kartfestast og beskyttast. Høyringsdokumentet gir eit framifrå fagleg grunnlag for å prioritere areala med store naturverdier. Utfordringa blir å få støtte til ein politikk for å få dette til. Høyringsdokumentet burde skilt klarare mellom fagkunnskap og politikk i strid med naturkunnskap.

Holmavassåno biotopområde ligg på min eigedom. Anleggsvegen Sandvatnet-Holmevatnet blei stengt for allmenn biltrafikk mellom anna av omsyn til villreinen i 1967, 30 år før biotopvernvedtaket.

Eg er samd i omtalen i pkt 5.4 om innfallsporten Nesflaten når det under Verneverdiar og trugsmål (side 68) blir skriva at «*I hovudsak er forstyrninga av villreinen på eit moderat nivå. Unnataket er trekkorridoren i Holmavassåno kor ferdselen på anleggsvegen og turstiane i området utgjer ei systematisk forstyrring i august og september.*» Dette er grunnen til at eg som grunneigar alltid har nekta å merka ein ny tursti mellom Holmavasshytta og Sloaros th. Kartet på side 65 viser merka tursti, og dette er derfor **faktafeil i høyringsdokumentet**. Eg vil be om, og forventar, at SVR følgjer opp høyringsdokumentet og min haldning til denne ferdsla. Kartet må rettast opp.

Med helsing

